

Plansiloar - tiltak mot avrenning

Sjølvs med fortørking av graset ser vi pressaftavrenning frå plansiloar.

**Ragnvald Gramstad, seniorrådgivar
Joacim Laurendz, bygningsrådgivar
NLR Rogaland**

Det er etablert og vert stadig bygd nye plansiloar av ulike slag. Nokre med 2 vegger av ulik høgd, og andre med 3 vegger. Generelt vert grovfôr til desse lagerplassane fortørka til vel 30 prosent og kanskje opp mot 40 prosent tørrstoff. Under slike forhold skal ein ikkje få pressaftavrenning, men i praksis finn ein noko anna. Kvifor er det slik?

Regnvatn, ei stor utfordring


Det er som oftast utover hausten og vinteren at det vert påvist avrenning frå plansiloar. Dette vert synleg på ulike måtar, både på overflata rundt siloanlegget og i grøfter, kanalar og bekker. Vi har lett for å konkludera med at dette ikkje kjem frå mitt anlegg fordi eg har fortørka gras i siloen. Dersom ein ikkje har gjort tiltak for å unngå avrenning, vil regnvatn siga ned langs siloveggen, delvis inn under silomassen og vidare ut til opninga i siloen. Blanding av regnvatn og silosaft utgjør ein stor fare for ureining. Og hugs; det skal berre ca. 1 liter silopressaft til 5.000 liter vatn for å starta dei uønska biologiske prosessane i vassdraga.

Kva bør ein gjera?

NLR-Rogaland er, ved hjelp av økonomisk støtte hjå Fylkesmannen i Rogaland, i gang med eit prosjekt som skal klarleggja ulike tiltak mot avrenning. Dette kjem ut som ein eigen rapport og anbefaling til hausten, men vi vil alt no omtala eksemplar på aktuelle tiltak:

Riktig bruk av plasfolie i siloen

Plastduken skal ligge ein meter inn under silomassen, opp langs kantane og ut over fôret. Det er viktig at det ikkje er hull/rifter i plasten.



Tverrenna samlar opp silopressaft og vatn frå siloen. Vatnet blir leia til inspeksjonskummen. Denne kan stengast slik at ureina vatn kan pumpas til gjødselkum, og rein silopressaft kan tappast på eigna behaldar. Foto: Joacim Laurendz.

Drenering og inspeksjonskum

Dreneringa rundt siloen må ende i ein inspeksjonskumme, der skal du ha mulighet til å føra det ureina vatnet over i, til dømes, gjødsellageret. Ureina vatn i denne samanheng er regnvatn som har vore i kontakt med silorestar eller silosaft.

Rein silopressaft skal samlast opp i ein eigen kum, og lagrast i eigna behaldar. Denne kan spreia på jorda i tillatt tidsrom.

Regnvatn som ikkje har vore i kontakt med silosaft eller silomasse kan først ut i naturen.

Her kjem sju artiklar innsendt av Norsk Landbruksrådgiving på oppdrag frå Bondevennen.

